

Stortingsvalet 2021

# Landbruksløftet



Inntektene i jordbruket må løftast opp på same nivå som resten av samfunnet.

Eit samla landbruk står bak #landbruksløftet.

# Inntektsløft for norsk landbruk – Stortingsvalet 2021

Inntekt er både det viktigaste verkemiddelet for å nå måla i landbrukspolitikken og eit mål i seg sjølv. Inntektsnivået i jordbruket er no langt lågare enn i resten av samfunnet. Utviklinga må snuast for å skape ny giv i næringa. Tilgang til ein nasjonal marknad for norske jordbruksprodukt er avgjerande for eit berekraftig jordbruk og ein konkurransedyktig norsk matvareindustri.

Betydelig høyere inntekter er helt nødvendig

- for at bonden kan investere
- for rekruttering
- for å sikre nok og trygg mat til den norske marknaden
- for matvareberedskapen
- for å sikre sikre eit landbruk i heile landet
- for å oppretthalde verdiskapinga i næringsmiddelindustrien og i resten av landbrukssektoren.

Dette initiativet omfattar breidda av aktørar som produserer og tilarbeider norske landbruksprodukt. Det er summen av alle aktørane sin samla innsats og verdiskaping som vil sikre eit lønsamt og berekraftig norsk landbruk.

**Difor ber eit samla landbruk politikarane i neste stortingsperiode om å forplikte seg til følgjande:**

**Inntektene i jordbruket skal opp på same nivå som gjennomsnittet for andre grupper i samfunnet. Gjennom jordbruksoppgjera må jordbruket sikrast ei årleg kronemessig utvikling som ligg betydeleg høgare enn lønsutviklinga elles i samfunnet for å kome opp på same inntektsnivå.**

Kva inneber eit inntektsløft?

- Ein forpliktande opptrapplingsplan for tetting av inntektsgapet i løpet av stortingsperioden
- Verkemiddel som sikrar lønsam produksjon på små, mellomstore og store bruk over heile landet
- å videreutvikle verktøykassa for marknad- og produksjonsregulering
- at produktivitetsveksten kjem bonden til gode

Det felles talgrunnlaget for jordbruksoppgjeren må fange opp dei økonomiske forholda knytt til den aktive bonden.

Forutsetninger for å komme opp på samme inntektsnivå som andre er:

1. Styrka importvern og auka konkurransekraft for norske jordbruksvarer
2. Auke investeringsmidlar for å gjere naudsynte investeringar lønsame
3. At bonden får sin rettmessige del av verdiskapinga i verdikjeda for mat og drikke
4. Auka støtte til klimatiltak

Landbruksløftet er underteikna av  
37 landbruksorganisasjonar og -bedrifter  
på vegne av 38 000 bønder.  
Desse bidreg kvar dag til sysselsetting av  
rundt 40 000 personar i matverdikjeda,  
som årleg omset jordbruksvarer for 172 mrd.kr.



Forum for  
Norsk  
Grønt

